

## Saksprotokoll i Komite for levekår - 31.05.2005

20/05 NOU 2005:3 "Frå stykkevis til helt – en sammenhengende helsetjeneste" - høyring.

### Vedtak:

Stord kommune, Komite for levekår, sluttar seg til høyringsuttalen frå Samarbeidsutvala i Helse Fonna med følgjande tillegg:

Komiteen viser til pkt. 1.2.1. i uttalen

Snittalderen for primærlegar aukar og dette gjev færre legar med vaktplikt i primærhelsetenesta. Staten må stimulera økonomisk til samarbeid mellom kommunar om større vaktistrikt, heller enn at slike løysingar som no, vert dyrare for einskildkommunane.

Komiteen viser til pkt.1.3., 2.4.2. og 3.4 i uttalen

Helseregionane bør leggja til rette for at opptreningsinstitusjonar ikkje vert for sterkt sentraliserte. Dei må sjåast i samanheng med og knytast tett til føretaka og lokalsjukehusa. Stord kommune har prosjektert eit slikt tiltak og ser fram til eit samarbeid om dette.

Komiteen viser til pkt. 2.1 i uttalen

Brukarane av tenester og pårørande til desse er ei viktig gruppe som må høyrast og høyrast på. Det må vera opp til kvar kommune å avgjera korleis dette skal gjerast ut frå eiga organisering og kva organisasjonar som eksisterer lokalt.

### Handsaming:

Samrøystes vedteke.